

## **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 06.11.2014**

### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet vedtok å sende ein slik uttale til fylkesrådmannens forslag til budsjett:

Fylkeseldrerådet (FYEL) er nøgd med den føreslegne løyvinga til Fylkeseldrerådet. I budsjettet er det teke høgde for at FYEL skal arrangere konferanse for vestlands-samarbeidet i 2015.

FYEL registrar at Tannhersedistrikt aust får heile 14.5 % mindre enn i 2014, medan alle dei andre tannhersedistrikta får likt eller meir. FYEL kjem med ein eigen uttale om tannhelsetenesta.

Løyving til friluftsføremål er i framlegget redusert med 5 %. Dette tykkjer FYEL ikkje samsvarar med at folkehelsa skal styrkjast, og når det gjeld den eldre del av folket, burde det i høve til gradering og merking av turløyper t.d. vore avsett langt større beløp.

Fylkesvegane er mange stader i därleg stand. Difor er det bra at det i framlegget til budsjett er auke til fylkesvegane. Auken er likevel, etter FYEL si meining, altfor liten for å rette opp den därlege standarden. Når det gjeld bårutene, gjer FYEL merksam på at det framleis ikkje har skjedd noko om bord på hurtigbåtane som tilseier at billettørane bør gå rundt og selja billettar til eldre folk når veret er stygt. FYEL opprettheld dette kravet, og det bør leggjast inn i anbodskrava når nye anbod skal lysast ut.

Når det gjeld bussrutene tykkjer FYEL det er urett at eldre folk som kjøpar billett om bord på bussen skal betale tilleggstakst.

Når det gjeld løyvingar til kulturføremål, registrerer FYEL at det ikkje er sagt noko om «Den kulturelle spaserstokken». Det er kanskje naturleg sidan Regjeringa i statsbudsjettet for 2015 har stroke denne posten. Men FYEL er av den meining at Fylkeskommunen burde ha protestert på at denne posten skulle falla bort. FYEL har sjølv teke opp denne saka med Regjering og Storting, og vi vonar at dette kan føra til at løyvingar til «Den kulturelle spaserstokken» kan halda fram.

Ellers er FYEL nøgd med at løyvingane til kulturføremål vert auka med 3 %. Og FYEL tykkjer om at biblioteka i Hordaland skal vera møteplassar og arena for offentleg samtale og debatt.